

Vår saksbehandler
Liv Rørlien, tlf. +47 97529593

Vår dato
27.03.2026
Deres dato

Vår referanse
25/00059-7
Deres referanse

SD-veglovutvalget

Svar på invitasjon til å komme med innspel til Veglovutvalget

Vi viser til brev av 25. oktober 2025 frå Veglovutvalget med invitasjon til å komme med innspel til utvalets arbeid. Vegtilsynets direktør deltok i møte med dykk 19. januar, og Vegtilsynet deltok på digitalt innspelsmøte den 3. og 4. mars. Vegtilsynet fekk også i mai 2024 gitt sine innspel til Samferdselsdepartementet.

Vegtilsynet meiner mandatet som er gitt lovutvalet er grundig, sikrar eit breitt og godt grunnlag for arbeidet og er godt forankra. Vi støttar beskrivinga av dagens utfordringar med gjeldande veglov, og meiner problemstillingane utvalet er bedt om å særleg vurdere er dekkande for det Vegtilsynet tidlegare har spelt inn til Samferdselsdepartementet. Tilsvarande gjeld for fleire av dei innspela og problemstillingane som vart nemnt i møta 3. og 4. mars.

Vegtilsynet har ikkje konkrete innspel til veglovutvalet i denne omgang, men vil informere kort om Vegtilsynets arbeid med to oppdrag gitt i supplerande tildelingsbrev nr. 2 i 2023 og trekke fram nokre relevante punkt.¹ Vegtilsynet blei for det fyrste bedt om å utgreie eit forslag til forskrift med utfyllande krav til plikta for Statens vegvesen og Nye Veier AS om å ha og bruke tilstrekkelege og effektive styringssystem for å sikre trafikktryggleiken knytt til riksveg etter veglova § 11 b.

Forslag til forskrift og høyringsnotat vart sendt til Samferdselsdepartementet 24. mars 2026. Departementet skal vurdere vidare oppfølging av forslaga.

I forslag til høyringsnotatets kapittel 1 *Innleiing* står det:

Innleiingsvis vil Vegtilsynet også trekke fram at regjeringa sette ned eit offentleg utval, oppnemnd av Kongen i statsråd 20. juni 2025, som skal greie ut og foreslå ei ny veglov. Mandatet for utvalet trekker fram utfordringar som utløyser eit behov for revisjon. Vegtilsynet har møtt fleire av desse utfordringane under arbeidet med dette forslaget til forskrift. Vidare ser Vegtilsynet at problemstillingar utvalet er bedne om å særleg vurdere, vil kunne påverke både innhald i og forståinga av veglova § 11 b og forslag til forskrift. Vegtilsynet har lagt til grunn regelverket og rammene som finst i dag, og samtidig prøvd å ta høgde for endringar eller presiseringar som kan komme av veglovutvalet sitt arbeid. Utvalet skal levere si utgreiing innan utgangen av april 2028.

¹ [Statsbudsjettet 2023 - Supplerende tildelingsbrev nr. 2 - Krav til styringssystem på vei](#)

Av relevans for tilsynsverksemd og forståing og bruk av veglova § 11 b vil me nemne behov for:

- definisjon av sentrale omgrep, særleg «veg»/«veginfrastruktur», «beredskap» og «forvaltning»
- klargjering av roller, oppgåver og ansvar, særleg kva som ligg til «vegstyremakt»-rolla, og korleis dette speglar organiseringa av og i Statens vegvesen med eit vegdirektorat. Vegtrafikksentralane kan brukast som eit døme – VTSane framstår både som ei «intern eining» for beredskap plassert i Divisjon Drift og vedlikehald, men er også nasjonalt fagorgan med nasjonale oppgåver og tenester
- klargjering av rolla/status til normalar og fråvik
- klargjering på kva nivå og på kva måte ein skal regulere krav til funksjon og tilstand for veg som er i bruk. Vegtilsynet oppfattar at plan- og byggefasen i større grad er regulert enn drift og vedlikehaldsfasen.

Vegtilsynet fekk i same tildelingsbrev i oppdrag å utgreie «en hjemmel for å kreve at [...] fylkeskommunene skal ha og bruke [...] styringssystem for å sikre trafikksikkerheten knyttet til sine veier», tilsvarande veglova § 11 b for riksvegane. Utgreiinga skal svare på om det er behov for slik lovheimel, og Vegtilsynet skal også vurdere om det er bør førast statleg tilsyn med fylkeskommunane.

Som grunnlag for å svare på dei innleiande spørsmåla i utgreiingsinstruksen har Vegtilsynet med bistand av Menon Economics våren 2025 gjennomført ei kartlegging av internkontroll i fylkeskommunane. Kommuneleova § 25-1 stiller krav om at fylkeskommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd. Menon Economics leverte juni 2025 rapporten *Kartlegging av fylkeskommunane sin internkontroll for sikkerheit på fylkesveginfrastruktur*. Rapporten vil vera eit grunnlag for Vegtilsynets vidare utgreiingsarbeid. Vegtilsynet skal levere utgreiinga til Samferdselsdepartementet innan oktober 2026.

Me ser fram til å følgje utvalet sitt arbeid.

Med helsing
Vegtilsynet

Vegard Hansen
direktør

Liv Rørlien
juridisk seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har ingen signatur.